

HARDANGERVIDDA

T U N N E L E N E

Simadalsvegen 1

5783 Eidfjord

post@hardangerviddatunnelen.no

tif. 90944980

A circular logo with a teal background and the text "REIN VIDDE." in white, sans-serif capital letters.

Til
Klima- og miljødepartementet
Naturforvaltningseksjonen

Innspel til Stortingsmeldinga for villrein frist 15.05.2023.

Hardangerviddatunnelene as arbeider for sikre heilårs vegtrase over Hardangervidda for villrein og trafikantar. Selskapet viser til artikkel på KMD sin nettside av 26.04.2023 og tillet oss med dette å koma med innspel i saka.

Konklusjonen i dette innspelet er: «Bygg Dyranuttunnelen for å gje Villreinen på Hardangervidda tilbake det tradisjonelle nødvendige arealet mellom Rv 7 og Hardangerjøkulen/Finse.»

Villreinstamma på Hardangervidda er i krise og er lista i raudaste kategori i «Kvalitetsnorma for villrein av 2021». Regjeringa peikar i invitasjonen til innspel av 26.04.2023 på fleire negative parameter for Hardangervidda som CWD, Bukkeandelen, Slaktevekt /Kalvevekt, Arealtilstand og ikkje minst nødvendig Arealutnytting.

I dag er Rv 7 Hardangervidda ein barriere for reinsdyra sine tradisjonelle trekkruiter. Sjå vedlagd oversikt. Viktigaste trekkrutene på Rv 7 er over Høgdesteinen ved Dyranut, mellom Krossdalen og Skulevika. Ein Dyranuttunnel på vel 6 km vil opna desse rutene for villreinen på Hardangervidda både vinter og sommar og er ei av dei beste arealløysingane.

Erfaringa med Finsetunnelen på Bergensbanen og tilsvarande tunnelar på høgjellsøverganger i SørNoreg, viser at dette virkar. Ein Dyranuttunnel vil også gje driftssikker heilårsøpe Rv 7, til beste for reiseliv og varetransport aust-vest, i tråd med Stortingsvedtaket om funksjonsfordeling mellom Rv 7 og Rv 52 .

Styret i Hardangerviddatunnelene as ber om at ein Dyranuttunnel vert tatt med i førstkomande NTP eller som eige tiltak, for å sikra nødvendig framtidsareal til villreinen på Hardangervidda.

Hol/Eidfjord 12.05.2023

Med helsing Hardangerviddatunnelene as


Petter Rukke
Styreleiar/sign

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Leiv Vambheim".

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Registrerte trekkorridorer

- ▶ Totalt 14 registrerte trekkorridorer over Rv. 7.
- ▶ Kunnskap basert på lokale observasjoner, GPS-merkede dyr og arkeologi (fangstsystemer).
- ▶ Mange har sesongavhengig funksjon (vintertrekk, sommer/høsttrekk mv.).
- ▶ Noen har betydning hele året.
- ▶ Alle trekkorridorenes funksjon er betydelig påvirket av forstyrrelser.



Dyranutområdet

► Sentrale trekkorridorer i Dyranutområdet:

1. Gjerebotn
2. Høgdestein
3. Skiftessjøen

- Høgdestein og Skiftessjøen er særlig viktige.
- Ca. 50% av krysningsforsøkene over Rv. 7 skjer over Høgdestein og Skiftessjøen.
- Mange forstyrrelsesfaktorer i tillegg til vegtrafikk!
- Sommer- og vinterruter, hytter, kiting mv.

